

Merknadsskjema – Offentleg ettersyn

Plannamn	Haukåsmyrane og Haukåsvassdraget
Arealplan-ID	66140000
Saksnummer	PLAN-2022/20550
Datert	Sist revidert 05.09.2025

Nr.	Avsendar	Hovedpunkt	Kommentar	Endringar
Private merknader				
1	Dokumentnr. 36 Leif Ivar Clausen	Fisketrapp for sjøaure må inngå i prosjektet. Deler av området bør avsetjast til kjønehageparsellar, m.a. for Haukås skule.	Ikkje teke til følgje. Det er ikkje eintydig fagleg semje om at fisketrapp er ønskjeleg. Planen opnar for dette, men tiltaket kan ikkje setjast som vilkår utan at lagnaden for stemma er avklara. Dette er eit stort spørsmål som ligg utanfor ramma for planarbeidet. Ulike former for dyrking kan enkelt prioriterast på kommunal grunn, både innanfor og utanfor plangrensa og uavhengig av planen. Dei lokalitetane som vert føreslegne er privat grunn utanfor planområdet.	
2	41 Eirik Grepsly	Gjeld Almåshaugane 32, gnr 197/78. Ber om at tomta vert vidareført til bustadforemål.	Teke til følgje. Gjeld ein etablert bustadeigedom som er byggesone i KPA, og som ligg utanfor 20-metersbeltet langs elva. Deler av eigedomen er føreslege regulert til LNF, og resten vert vidareført med uendra KPA-status.	Areal som ligg utanfor 20-metersbeltet langs elva og som er byggesone i KPA er teke ut av planen. Dette gjeld tilsvarande for andre eigedomar.
3	54 og 55 Arild S Nessen	Det går ein mykje brukt snarveg over demningen ved Hyljestemma, m.a. brukt av skuleborn til og frå busshaldeplass. Men snarvegen er utrygg, og det bør etablerast ein trygg gang- og sykkelveg mellom Hylkjeneset og Hylkjevegen i denne traseen. Langs den nye VA-traseen bør det etablerast gang- og sykkelveg som kan binda bustadområda saman.	Ikkje teke til følgje Dette er interessante innspel, men det ligg utanfor ramma for planarbeidet å leggja aktivt til rette for ferdsle i desse områda. Det er også usikkert om det er naturfagleg ønskeleg å opna for dette over Haukåsmyrane.	Basert på merknaden vidarefører planen ein grøn korridor mellom Hylkjevegen og Hylkjeneset, sjølv om planområdet elles er redusert utanfor 20-metersbeltet langs vassdraget.
4	56 Rexir om felt I/L1	Planforslaget balanserar naturmiljø og utvikling på ein god måte. Tomta er redusert	Delvis teke til følgje. Rekkefølgekravet knytt til E39 følgjer av KPA 2018, og kan ikkje	§ 4.1.17.e er utvida/endra.

		pga. nytt grøntbelte, og dette bør kompenseres med høgare utnyttingsgrad. Daglegvarehandel, som manglar i dette området, bør tillatast. Rekkefølgekravet knytt til ny E39 er i praksis eit nytt byggeforbod, og er urimeleg.	fråvikast for denne tomta. Handel følgjer KPA sine reglar. Merknaden er elles teken til følgje, som nye punkt som kan vurderast ved detaljregulering.	
5	66 Maria Malm Felix og Carlos Malm Felix	Ber om at gnr 197/23 (bustadtomt) ikkje vert endra til grøntområde. Tomta ligg utanfor 20-metersbeltet, og nabotomter er utbygde.	Teke til følgje.	Sjå merknad 2.
6	115 Svein Brurås for eigarane av gnr 200/1	Protesterar på at det er lagt ei omsynssone for kulturmiljø på gardstunet og landskapet rundt. Prosessen har ikkje vore forsvarleg. Eigarane tek vare på bygningar og landskap, og ønskjer ikkje meir offentleg styring.	Gardstunet med bygningar og kulturlandskap på 200/1 er i stor grad intakt, og har høg kulturhistorisk verdi. Dette vart først kjent seint i planprosessen, og informasjonen låg ikkje inne i planforslaget til offentleg ettersyn. Eit framlegg om å leggja dette inn i planforslaget i sluttfasen, ved ei utviding av omsynssona for matrikelgarden, er lagt vekk basert på grunneigarane sin reaksjon (jf. doknr. 112, 113 og 115).	
Organisasjonar, andre				
1	38 Åsane Menighetsråd	Er positiv til planføremålet, og glad for at kyrkja vert regulert. Støttar at resten av tomta vert tilbakeført til natur og friareal. Parkeringsarealet skal tena fleire funksjonar og bør ikkje reduserast.	Merknaden samsvarar med planetaten si vurdering, og krev ingen kommentarar.	
2	48 Haukås Indremisjon	Er glad for at planforslaget legg til rette for kyrkja, og er positiv til vern av elvemuslingen. Bedehuset er regulert til næring og er selt. Indremisjonen står utan lokale, og pengane frå salet skal delfinansiera kyrkja. Det er viktig at kyrkja kan byggjast no, og bygget vil tena mange ulike interesser. Støttar at resten av byggeområdet vert grønstruktur. 33 p-plassar vil betjena fleire ulike målpunkt, og arealet bør ikkje reduserast.	Merknaden samsvarar med planetaten si vurdering, og krev ingen kommentarar.	
3	49 Åsane KrF	Er glad for at det vert laga ein plan for berekraftig forvaltning av elvemusling, samstundes som planen ikkje hindrar utvikling av E39. Er også glad for at planen legg til rette for kyrkje på Haukås, utan detaljregulering. NLA Høgskolen planlegg flytting til Mindemyren, og utan ny kyrkje	Merknaden samsvarar med planetaten si vurdering, og krev ingen kommentarar.	

		vil både kyrkjelyden og Haukås Indremisjon stå utan lokale.		
4	52 Norsk Motor Klubb Bergen	Deler av dagens idrettsområde ligg utanfor plangrensa, og inne i den tilstøytande vegplanen frå 2011. Planen bør utvidast slik at heile idrettsområdet vert fanga opp. Oppdatert informasjon om anlegg og aktivitetsplan går fram av vedlagt aktivitetsoversikt og støyrapport (Kilde Akustikk 2010). Støyrapporten er også dekkande for dagens situasjon.	Ikkje teke til følge. Innspelet om utviding av planområdet kjem for seint, og kan ikkje handterast no.	
5	57 og 110 Bergen Travpark	Bergen travpark er det største treningssenteret for travhest i landet. Merknaden utdjupar verdien av anlegget, både for profesjonelle og andre, inkl. born og personar med psykiske utfordringar, og for hestevelferd. Andre byggeprosjekt i nyare tid har gitt auka fart på vatnet gjennom travparken, og redusert effekt av sedimentasjonsdammane. Travparken vil samarbeida om gode miljøløysingar i framtida, men treng også rom for oppgradering og fornying. Hesteklinikken Bergen har 8 tilsette og heile fylket som arbeidsområde, og treng meir areal. Dersom rettbanen forsvinn vil det vera eit stor tap for travsporten og for hestevelferd. Planen må leggja til rette for bygging av treningsvegar, t.d. ved at rettbanen vert forlenga mot fengselet. Dersom stallplassane på Haukås gard går tapt vil det vera svært uheldig for hestemiljøet, og særleg for barn/unge. Planen må i så fall opna for å oppføra nye stallbygg, og utnyttingsgraden må aukast. Travparken treng inntektskjelder, og ønskjer større opning for tenesteyting og fleksibel bruk av arealet på indre bane. Hestemøk vert i dag handtert gjennom eit godt samarbeid med Haukås jordsortering. Andre løysingar vert dyrt, og Bergen kommune må spela på lag. Planen må også heimla aktuelle alternativ som biobrenselanlegg.	Delvis teke til følge. Travparken KBA1 kan vidareførast. Når det gjeld bruken av Haukås gard er planforslaget endra etter offentlig ettersyn. Basert på ei politisk tilbakemelding legg den siste versjonen av planforslaget ikkje til rette for vidareføring av hesteaktiviteten på eigedomen. Planen opnar for ny utbygging i form av auka utnyttingsgrad. Planen opnar for publikumsretta bruk, noko gjeldande reguleringsplan ikkje gjer. Treningsvegar kan byggjast innanfor regulert byggesone. Merknader til planføresegnene er svara ut delvis med utfyllande informasjon i eit eige arbeidsmøte og delvis med konkrete rettingar.	Fleire endringar både i kart og foresegner.

		<p>Kommentarar til ei rekkje av planføresegnene (4.1.1.1.g og h, 4.1.13, 4.1.14.4.a, 4.2.1.1.a)</p> <p>Ny merknad mars 2025 – dok.nr.110 Informerar om rettbanen, og ber om at denne vert vidareført.</p> <p>Alle flater for trening med hest må ha sand. Behov for balanse mellom grønstruktur og utviklingsareal.</p> <p>Avrenning frå område merka #9. Planteval for kantvegetasjonen.</p> <p>Ønskjer å vidareføra vegen i nord.</p> <p>Det bør sjekkast om lukkinga av bekken har hatt positiv effekt før nye inngripande tiltak vert sett i verk.</p> <p>Arealet for grønstruktur GN19 trengst som aktivitetsområde av omsyn til hestevelferd.</p>	<p>Vidareføring av rettbanen vert ikkje teke til følgje.</p> <p>Kravet om skjerming av fine massar rettar seg ikkje mot treningsflater, men mot areal for lagring av massane.</p> <p>Det vil framleis vera store aktivitetsområde innanfor feltet, og nye areal vert ledige dersom jordsorteringa avviklar.</p> <p>Merknaden for område #9 samsvarar med planforslaget.</p> <p>Plantevalet kan drøftast, og planen er open på dette punktet.</p> <p>Vegen ligg heilt ute på elvekanten, og kan ikkje regulerast slik.</p> <p>Kontroll av effekten av bekkelukkinga ligg utanfor ramma for reguleringsplanen, men kan drøftast med bymiljøetaten.</p> <p>GN19 vert viktig som ny kantsone langs elva, og bør ikkje inngå i KBA-føremålet. Areal som i dag vert brukt til jordsortering kan frigjevast for andre føremål.</p>	
6	58 og 111 Bergen og Omegn Travelskap	<p>BOT er leigetakar av Haukås gard, og er også tett knytt til travparken. Rettbanen er ein viktig del av det einaste operative treningsanlegget for travhest i fylket. Banen er også viktig for rekruttering av barn og ungdom. BOT ønskjer at kommunen ser på alternative plasseringar av rettbanen.</p> <p>Også oppstalling av hestar på Haukås gard er svært viktig, og bør vidareførast.</p> <p>Ny uttale mars 2025 – dok.nr. 110 Travelskapet er svært kritisk og bekymra over at heile rettbanen blir fjerna</p>	<p>Merknaden er ikkje teken til følgje.</p> <p>Interessene knytt til Haukås gard og rettbanen vert utfyllande drøfta i plandokumenta.</p>	
7	65 Bergen Elveforum	<p>Merknaden gir informasjon om naturtilstanden i vassdraget, både historisk og i dagens situasjon, og tilrår ei rekkje konkrete tiltak både for musling og aure.</p> <p>Reguleringsplanen vert ikkje kommentert direkte.</p>	<p>Merknaden gir mykje relevant informasjon om vassdraget.</p> <p>Dei føreslegne tiltaka er delvis innarbeidde i planen (knytte til hestemiljøet) og delvis uavhengige av planen (som bekkerestaurering og betring av gytetorhold).</p>	
8	69 Haukås skole	<p>FAU og rektor er uroa over krava om detaljregulering av Breisteinvegen og rekkefølgekrav for kyrkja. Dette vil forsinka hjartesona for skulen. Trafikktryggleiken er uholdbar, og kyrkja med tilhøyrande vegløyning må realiserast no.</p>	<p>Merknaden samsvarar med planetaten si vurdering, og krev ingen kommentarar.</p>	

Høyringsinstansar				
1	31 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Automatisk tilbakemelding utan konkrete merknader.	Merknaden krev ingen kommentarar.	
2	34 Bergen kommune, helsevernenheten	Er positiv til å betra livsvilkåra for elvemuslingen. Elles ingen merknader.	Merknaden samsvarar med planetaten si vurdering, og krev ingen kommentarar.	
3	37 Bergen kommune, Rådet for byforming og arkitektur (sak 3/23)	Er positiv til planføremålet, som vert særleg aktuelt ved vedtakinga av Grøn Strategi. Er også positiv til kyrkja, og dette prosjektet sine ringverknader for lokalmiljøet. Haukås gard bør utviklast for det lokale nabolaget. Støyskjermen bør tilpassast omgjevnadane i form og farge.	Teke til følgje. Føresegnene for støyskjermen er utvida. Utover dette samsvarar merknaden med planetaten si vurdering, og krev ingen utfyllande kommentarar.	§ 6.1.9 er utvida med krav til material- og fargebruk.
4	40, 81 og 109 Statens vegvesen	Uttalen er avgrensa til forvaltingsansvaret for E39. Støttar planføremålet. Kyrkja sin påverknad på vegnettet, inkludert nullvekstmålet, er ikkje godt nok utgreidd. Dette gjeld tilsvarende for tilhøvet til KPA sitt rekkefølgekrav knytt til utbetring av E39. Tilkomst til kyrkja frå Breisteinvegen må avklarast med fylkeskommunen. Planen må ikkje hindra ei vidare utvikling av gang- og sykkeltilbodet til hovudveganlegget. Ingen merknader til oppheving og endring av eldre planar. Utgreiingar knytt til kyrkja er mangelfulle (motsegn). Dette bør løysast med detaljregulering og/eller vidareføring av KPA sitt rekkefølgekrav til utbetring av E39. Motsegna vert oppretthalden i dok.nr. 81, og grunngevinga for dette vert utdjupa. Ny uttale 14.03.2025 dok.nr. 109: Vurderar trafikksituasjonen knytt til ny Haukås kyrkje på nytt, og trekkjer motsegna.	Delvis teke til følgje. Ein eigen mobilitetsrapport for kyrkja er utarbeidd etter høyringsfasen, og viser liten og truleg positiv (i form av reduksjon) – påverknad på trafikkvolumet. Fagnotatet presiserar at planen i seg sjølv ikkje skal vanskeleggjera vidare utvikling av samfunnsviktig infrastruktur i området.	Fleire planføresegner med relevans for trafikk er stramma inn.

5	43 og 80 NVE	ROS-analyse må utarbeidast på siste plannivå sjølv om aktuelle byggeområde for ein stor del er regulert og utbygd frå før (motsegn). Dette gjeld m.a. for skredfare, kvikkleire og flaumfare. Planen opnar for ulike tiltak i vassdrag. Desse vil styrka ålmenne interesser, og treng ikkje ytterlegare vurdering etter vassressurslova. Ei generell opning for sikringstiltak i og langs elva er uheldig, og bør konkretiserast.	Merknaden er teken til følgje. Det er gjort ei rekkje endringar i planen knytt til naturfare. Nye rapportar for ROS og grunntilhøve er utarbeidd. Opninga for sikringstiltak langs vassdraget er konkretisert. Etter endringane er motsegna trekt i doknr 80. Likevel med ein føresetnad: det må vera totalforbod mot tiltak i aktsemdsområda, ikkje berre avgrensa til tiltak som legg til rette for personopphald. Dette er retta i dei aktuelle paragrafane.	Ei rekkje endringar både i kart og føresegner.
6	44 Bergen kommune, klimaetaten	Etaten er svært positiv til plangrepa for elva og våtmarksrestaurering. Kyrkja og felt I/L1 bør vurderast på nytt. Grøn strategi slår fast at vi skal gjenbruka utbygd areal framfor å byggja ned ny natur. Kyrkja bør detaljregulerast og vurderast på nytt, og næringsarealet bør endrast til grønt føremål. Omgrepet «park» bør utgå for våtmarksparken, og målet må vera våtmarksrestaurering med mest mogleg naturlik tilstand. Dette vil bidra positivt til målet om arealnøytralitet i 2030.	Merknaden er i hovudsak ikkje teken til følgje. Tilbakeføring av eksisterande byggeområde ligg utanfor mandatet for planen, og kan vanskeleg handterast etter avslutta høyring. Spørsmålet er prinsipielt viktig, og vil bli synleggjort i saksutgreiinga til den politiske slutthandsaminga av planen. Omtalen av våtmarksrestaurering er endra i samsvar med merknaden i alle plandokumenta.	Omtalen av våtmarksrestaureringa er endra i fagnotat, planomtale og føresegner.
7	50 og 82 Statsforvaltaren	Motsegnene frå NVE og SVV vert ikkje avskorne. Plangrepa vil gje betre sikring av naturverdiane i området på sikt, men føresegnene bør strammast inn (døme: Mjåtveit næringspark i tidlegare Meland kommune). Fokuset på travmiljøet, rettbanen og jordbehandlinga er viktig. Det bør visast varsemnd knytt til opning for ny eller utvida næringsaktivitet i planområdet. Definisjonen for detaljhandel med arealkrevjande varer må strammast inn i samsvar med definisjonen i KPA § 21.5.1 (motsegn). Rekkefølgekravet knytt til E39 bør presiserast betre.	Merknaden er teken til følgje. Fleire er planføresegnene er justerte, m.a. knytt til overvatn, ny næringsutvikling, arealkrevjande varehandel og rekkefølgekrav til E39. Motsegna knytt til arealkrevjande varehandel er trekt i dok.nr. 82.	Fleire endringar i planføresegnene.
8	51 Bergen kommune, byantikvaren	Kulturminnegrunnlaget frå 2013 bør supplerast. Omsynssone H570_3 (krigsminne på Myrsæter) må utvidast. H570_4 må markerast i plankartet. Omsynssonene for nyare tids kulturminne/-	Merknaden er delvis teken til følgje. Det er ikkje rom for å fornya kulturminnegrunnlaget i denne fasen av planprosessen. Krigsminnet har fått ny avgrensing, og ligg også i eit felt som skal	Fleire endringar både i kart og føresegner.

		<p>miljø må ha føresegner, anna kulturmiljø er godt ivareteke.</p> <p>2 bygg er markerte for riving, utan utfyllande grunngeving.</p> <p>Til planføresegnene: Enkelte føresegner frå gjeldande planar bør vidareførast.</p> <p>Det bør vurderast om det er tenleg å oppheva reguleringsplanar utanfor planområdet.</p> <p>Felt utan plankrav som opnar for høgare utnytting + felt REL (kyrkja) bør ha meir konkrete føresegner.</p> <p>Formuleringa «endringar er tillate» bør konkretiserast.</p> <p>Enkelte stader bør det vurderast å erstatta «bør» med «skal».</p>	<p>detaljregulerast. Føresegnene er utvida for å understreka omsynet til dette (§ 4.1.17.e).</p> <p>H570_4 er markert i kartet.</p> <p>Bygg for riving gjeld ein bustad som ikkje kan vidareførast grunna plasseringa i eit vegkryss.</p> <p>Fleire kulturminne har fått utvida føresegner.</p> <p>Prinsippet om å oppheva utdaterte planar er ikkje trekt i tvil av andre høyringsinstansar, og vert vidareført.</p> <p>Føresegnene er stramma inn på fleire punkt, og gjev dei styringsheimlane som byggesaksavdelinga treng.</p>	
9	53 Bergen kommune, Bergen brannvesen	Minner om at brannvesenet må sikrast tilkomst til alle bygningar, også i anleggsfase.	Merknaden krev ingen kommentarar.	
10	59 Bergen Kirkelige Fellesråd	<p>Takkar for eit godt samarbeid med fleire kommunale etatar.</p> <p>Parkeringsplassen kan betjena ei rekkje ulike funksjonar, og kapasiteten er basert på ei avveging mellom ulike omsyn, inkludert vern av natur. Kapasiteten på 33+4 bør leggjast inn i føresegnene.</p> <p>Mobilitetsanalyse er under arbeid.</p> <p>Universell utforming vil bli ivareteke i nye kyrkjebygg.</p>	<p>Merknaden er teken til følgje.</p> <p>Parkeringskapasiteten er presisert i planføresegnene.</p> <p>Merknaden krev elles ingen kommentarar.</p>	Fleire endringar både i kart og føresegner.
11	60 Bergen kommune, Bergen Vann	<p>Planforslaget er i tråd med BV sine overordna planar. Tiltak i planen må koordinerast med BV sin plan for avløp Åsane nord.</p> <p>Gjer merksam på at pumpestasjon VA2 er etablert.</p> <p>Elles ingen merknader.</p>	Omtalen av felt VA2 i planomtalen er retta. Merknaden krev elles ingen kommentarar.	
12	61, 85, 108 Vestland fylkeskommune	<p>Vassforvaltning: Planen byggjer på eit solid fagleg grunnlag, og gir gode rammer for å nå miljømåla.</p> <p>Planfagleg: Planen er ikkje god nok som overordna</p>	<p>Merknaden er teken til følgje.</p> <p>Det er gjort ei rekkje endringar i planen.</p> <p>Dette gjeld for alle punkta som merknaden tek opp, med unnatak av Hylkjestemma (sjå nærare omtale av dette i fagnotatet).</p>	Fleire endringar både i kart og føresegner.

		<p>styringsdokument, særleg for mjuke trafikantar, føremål og vegløyning for I/L1 og handel med plasskrevjande varer (motsegn).</p> <p>Kulturminne: Planen må endrast 2 stader der det er potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. 1 kulturminne (H730) er regulert feil, og føresegnene må endrast for dette objektet. Desse punkta må rettast, i samsvar med etablert dialog. 4 kulturminne frå nyare tid (H570) må få meir konkrete føresegner. Eit av desse (krigsminnet H570_3) må også utvidast.</p> <p>Samferdsel: Fylkesvegnettet er ikkje godt nok ivareteke, og rekkefølgekrav må skjerpast (motsegn). Langs Breisteinvegen må vegløyninga for kyrkja, andre avkøyrslar, gang-/sykkelvegen og fotgjengarkryssing konkretiserast, eller det må utarbeidast detaljregulering. Parkeringsløyninga for kyrkja må konkretiserast.</p> <p>Andre merknader: Felt I/L4 sitt medansvar for gjenopninga av elva bør konkretiserast. Det er viktig at E39 med gang- og sykkeltilbod kan utbetrast og driftast i framtida.</p> <p>Ny merknad dok.nr. 85: Alle motsegner vert trekte. Ber om fleire rettingar i føresegnene.</p> <p>Dok.nr 108: Fylkeskommunen har ingen merknader til at industri går ut av kombinasjonsføremålet KBA</p>	<p>Felt I/L4 får eit medansvar for finansieringa av gjenopning av elva forbi dagens campingareal. Dette er handtert likt for alle delfelta langs elva som opnar for nemnande ny utbygging med plankrav.</p> <p>Fagnotatet presiserar at planen i seg sjølv ikkje skal vanskeleggjera vidare utvikling av samfunnsviktig infrastruktur i området.</p> <p>Ved ferdigstilling av dette dokumentet er motsegna ikkje formelt trekt, men revidert planmateriale er oversendt for ny handsaming (dok.nr. 77).</p> <p>Føresegnene er retta på fleire punkt.</p>	
13	63 Bergen kommune, bymiljøetaten	<p>Natur og friluftsliv: Klimastrategi og naturstrategi (forslag) gir tydelege signal om prioritering av natur. 3 intakte naturområde vert føreslege regulert til utbygging, særleg I/L1 og KBA3 bør</p>	<p>Merknaden er delvis teken til følge</p> <p>Tilbakeføring av eksisterande byggeområde ligg utanfor mandatet for planen, og kan vanskeleg handterast etter avslutta høyring. Spørsmålet er prinsipielt viktig, og vil bli synleggjort i</p>	Fleire endringar både i kart og føresegner.

		<p>vrderast endra.</p> <p>Planen opnar også for vidareutvikling av andre område, dette kan berøra natur utan at omfanget er klarlagt. Basert på KPA (sone 4) skal det ikkje skje vesentleg ny bygging i området.</p> <p>Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar eller viktig friluftsbuk i dei aktuelle områda.</p> <p>Føresegnene bør også omhandla overvatn i driftsfase, ikkje berre anleggsfase.</p> <p>Reiser spørsmål ved om krav til gjenopning skal kunna oppfyllest ved utbyggingsavtale. Og om korleis viktige tiltak innanfor travparken skal gjennomførast dersom rekkefølgekrava ikkje vert utløyst.</p> <p>Planen vil bidra til å ivareta vasskvalitet og leveområde for muslingen.</p> <p>Mobilitet og trafikk: KV1 (veg til fengselet) bør ikkje vera offentleg.</p> <p>Fleire eigedomar manglar markering av avkjørsler.</p> <p>Vegtekniske detaljar som målsetting og siktliner manglar generelt. Dette gjeld særleg for kommunal veg Nordre Brurås som er detaljregulert i dag.</p> <p>Konsekvensar for kommunale vegar av oppheving av planar bør utgreiast betre, og oppheving bør skje i eigne prosessar.</p> <p>Det er uryddig om oppheva planar skal vera rettleiande for framtidig sakshandsaming.</p> <p>BME tilrår ein vidare dialog fram mot 2.gongshandsaming.</p>	<p>saksutgreiinga til den politiske slutthandsaminga av planen.</p> <p>Vidareutvikling innanfor andre område gjeld planert/grått areal, og vil i svært liten grad berøra natur.</p> <p>Planføresegnene stiller krav til overvatn både i anleggs- og driftsfase</p> <p>I eit seinare arbeidsmøte er det avklara at utbyggingsavtale for gjenopning av vassdraget er forsvarleg.</p> <p>KV1 er endra til privat.</p> <p>Vegtekniske detaljar er gjennomgått på nytt, og planID 5114 vert likevel ikkje oppheva.</p> <p>Formuleringa om bruk av oppheva planar går ut.</p>	
--	--	---	---	--